



## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen, Rådhuset
<b>Dato:</b>	27.11.2020
<b>Tid:</b>	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Bjørg Tislevoll  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 9/20 GK 10/20	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.10.2020	2019/143	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 31/20	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging - handlingsplan	2018/84	
PS 32/20	Orienteringssak vedrørende status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester	2017/42	
PS 33/20	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/127	
PS 34/20	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2020	2019/135	
PS 35/20	Vurdering av revisjonsordning for Fitjar kommune	2014/34	
PS 36/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 37/20	Eventuelt	2020/64	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 11/20	Rapport etter tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp - Havnatunet	2020/196	
RS 12/20	FKT - KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2020/70	
RS 13/20	KMD - FKT - Svar på spørsmål vedr. tolking av § 23-5	2020/70	
RS 14/20	Rekneskapstal for kontrollutvalet hittil i år	2020/174	
RS 15/20	FKT - medlemsinformasjon november 2020	2020/70	

## **Godkjenningssaker**

**GK 9/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/143-10  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	10/20	27.11.2020

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.10.2020**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.10.2020 er lagt med som vedlegg i saka.



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Møterom i Fitjar kultur og idrettsbygg
<b>Dato:</b>	21.10.2020
<b>Tid:</b>	10:00 - 11:15

### Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Björg Tislevoll	Leiar	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP
Frank Solli	Medlem	FRP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

### Merknader

---

### Andre som møte:

Namn	Stilling
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte AS
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Björg Tislevoll  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og saksliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2020	2019/143	
<b>Politiske saker</b>			
PS 25/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Fitjar kommune	2019/127	
PS 26/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Fitjar kommune	2019/128	
PS 27/20	Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020	2019/135	
PS 28/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 29/20	Eventuelt	2020/64	
<b>Referatsaker</b>			
RS 9/20	Særutskrift - melding om vedtak frå KS - Ekstern revisor og ny konkurranse	2014/34	
RS 10/20	FKT - medlemsinformasjon september 2020	2020/70	
<b>Politiske saker</b>			
PS 30/20	Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransgrunnlag	2014/34	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 7/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste

#### **Vedtak**

Innkalling og saksliste vart godkjent

### **GK 8/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2020**

**Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 14.09.2020

#### **Vedtak**

Protokoll frå møte 14.09.2020 vart godkjent

## **Politiske saker**

### **PS 25/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Fitjar kommune**

#### **Forslag til innstilling**

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

**Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til plan slik den ligg føre vart godkjent.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

## **PS 26/20 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Fitjar kommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

## **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Forslag til plan slik den ligg føre vart godkjent.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling**

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

## **PS 27/20 Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.



2. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 10.12.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 19.11.2020.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

### **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Partner Else Holst-Larsen i Deloitte AS presenterte revisjonsplanen og risikovurderingen for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2020, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimsrevisjonsrapport 2020 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 27.11.2020 med frist for levering til sekretariatet innan 13.11.2020.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2020 skal handsamast, normalt i mai-møtet i 2021, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

### **PS 28/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

### **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Møteprotokollane vart gjennomgått.

Kontrollutvalet merkar seg at møtebøkene frå Viltneymda ikkje ligg på nettsida til kommunen, og minner om at møtebøker frå alle politiske utval og nemder skal vere offentleg etter kommunelova.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at møtebøkene frå Viltneymda (innkallingar/protokollar) vert gjort tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

### **PS 29/20 Eventuelt**

#### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

##### **Handsaming i møte**

##### Endring av møtedato for kontrollutvalsmøte 10.12.20

Kontrollutvalet vart einige om å flytta møte frå 10.12.20 til 27.11.20.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

##### **Vedtak**

Kontrollutvalsmøte 10.12.20 vert flytta til 27.11.20.

##### **Referatsaker**

#### **RS 9/20 Særutskrift - melding om vedtak frå KS - Ekstern revisor og ny konkurranse**

#### **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

#### **RS 10/20 FKT - medlemsinformasjon september 2020**

#### **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

##### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

##### **Politiske saker**

## **PS 30/20 Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag**

### **Forslag til vedtak**

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

### **Saksprotokoll 21.10.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Revisor var ikkje til stades ved handsaming av denne saka

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 2. lekk, 2. punktum.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang av konkurransegrunnlaget i møtet. Sekretariatet orienterte kort om konkurransegrunnlaget for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, vart vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2018/84-17  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	31/20	27.11.2020

## Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging - handlingsplan

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

### Samandrag

Dette er første oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalsmøtet til første møte i 2021.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 17.06.2020:

*«Kommunestyret ber rådmannen:*

- 1. Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet*
- 2. Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing*
- 3. Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for vedtak til politisk nivå.*
- 4. Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «ymse» i dei politiske utvala og korleis dei eventuelt skal følgjast opp av rådmann.*
- 5. Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist.*
- 6. Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handsame byggesaker etter*
- 7. Sørge for at rutinar og/eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om å
  - a) undersøke tilsvarende saker som har vore handsama i kommunen.*
  - b) konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen.**
- 8. Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det blir tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.*
- 9. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»*

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet har fått oversendt handlingsplan, denne er vedlagt saka.

Ut i frå det sekretariatet kan sjå har kommunen komme godt i gang med forbetningsarbeidet. Nokre av desse tiltaka er ferdig tidleg i 2021 og andre er av langsiktig karakter relatert til m.a. kommuneplan og det langsiktige planarbeidet.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegget, «punkt for punkt».

### **Konklusjon**

Sekretariatet registrerer at det er satt i gang ein del positive tiltak knytt til handlingsplanen for forvaltningsrevisjonen av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg status på oppfølginga til første kontrollutvalsmøte i 2021.

Kontrollutvalet  
P.b. 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref:

Vår ref:  
2019/572-  
10389/2020

Sakshandsamar:  
Olaug Haugen

Arkivkode:  
217

Dato:  
16.11.2020

## Oppfølging av "Forvaltningsrevisjonsrapport om saksførebuing, byggesaksbehandling og vedtaksoppfølging"

Kommunestyret i Fitjar handsama 17.06.20 « Forvaltningsrevisjonsrapport om saksførebuing, byggesaksbehandling og vedtaksoppfølging»  
Kommunestyret fatta vedtak i 9 punkt, og ba rådmannen følgje dette opp, med rapport tilbake til kontrollutvalet 15.11.20 slik:

*«Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingne i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksettinga.»*

Pri	Tiltak	Er iverksett	Planlagt iverksett	Ansvar
1	Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet	01.05.20. Rettleiar er utforma og distribuert til sakshandsamarar. Opplæring er gitt.		Rådmann og politisk sekretariat.
8	Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn som mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing	Det er etablert praksis.	01.02.21 Tema skal innarbeidast formelt i malar.	Rådmannen og leiar for kundetorget.
3	Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for	01.06.20 Vert gjennomført som ein del av		Rådmann og politisk sekretariat.

	vedtak til politisk nivå.	tertialrapportane og årsmeldinga		
4	Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «Ymse» i dei politiske utvala og korleis dei evt. skal følgjast opp av rådmann		09.12.20 Vert innarbeida i nytt møtereglement for politiske utval. Forventa vedtatt i kommunestyret 09.12.20	Rådmann og ordførar
2	Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist	Dette vert sikra kontinuerleg- før, i og etter møte. Fristen for utsending av sakspapir er sett i møtereglementet til 5 dagar, og den vert halden.		Rådmann, etatsjefar og politisk sekretariat.
5	Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handtere byggesaker etter.	Det har i løpet av 2020 vore fleire møter mellom politisk leiing, rådmannen og plan- og byggesak for å drøfta problemstillinga. <u>Tema har vore:</u> Prosedyrar for ulovlighetsoppfølging, tolking av byggegrense mot sjø, vurdering av oversending av saker til Fylkesmannen for klagebehandling eller klagevurdering. Det er innhenta ekstern juridisk uttale i konkrete, og prinsipielle saker i 2020. Desse legg føringar for framtidige vurderingar.	Ny kommuneplan sin arealdel  I planstartien 2020-2023 er det peika på behov for nokre nye reguleringsplanar i 2002-2023. som vil betra situasjonen.  Ny kommuneplan sin arealdel vil skje i perioden 2022-2024. Gjennom denne vil problemstillingar i eldre reguleringsplanar verta oppdatert.	Rådmann og avdelingsleiar for plan- og byggesak
6	Sørge for at rutinger og/ eller sjekklister for byggesakshandsaminga	Praksis er gjennomført	01.01.21 Forankre praksis i skriftlege	Rådmann og leiar for plan- og byggesak.



	<p>også innheld punkt om å</p> <p>a) Undersøke tilsvarande saker som har vore handsama i kommunen</p> <p>b) Konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen</p>		rutinar	
7	<p>Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det vert tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.</p>	<p>Praksis har vore etablert over lang tid. Etablert. Alle saker som skal til politisk handsaming skal godkjennast av rådmann. Sidemannskontroll vert gjennomført i administrative saker. Det er rutinar for godkjenning frå næraste leiar.</p>	<p>01.01.21 Gjennomgang av skriftlege rutinar.</p>	<p>Rådmann og leiar for plan- og byggesak.</p>

Med helsing  
Fitjar kommune

Olaug Haugen  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur*



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2017/42-32  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	32/20	27.11.2020

### Orienteringssak vedrørende status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester

#### Forslag til vedtak

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

#### Samandrag

Kontrollutvalet har ved fleire høve hatt dette oppfølgingsarbeidet til handsaming, sist i møte 14.09.2020. Utvalet må ut i frå den informasjonen som kjem fram i møte diskutere seg fram til om ein ønskjer ny orientering eller vel å lukke saka.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Rapport etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester blei vedteke i kommunestyret 25.04.18. Det blei fatta slikt vedtak:

*«Med bakgrunn i rapport etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester i Fitjar kommune, ber kommunestyret rådmann syta for:*

1. *Å utarbeide mål og strategi for styring av IKT-tenesta.*
2. *Å formalisere rolla og ansvaret til IKT-tenesta.*
3. *Å formalisere og ev. etablere beredskapsrutinar for både den generelle brukarstøtta og for brukarstøtte til dei ulike fagsystema som er i bruk i kommunen.*
4. *Å sikre at kommunen får gjennomført naudsynte tiltak som gjeld ny personvernlovgiving snarast råd.*
5. *Å etablere system for gjennomføring av risikovurderingar og fastsetjing av akseptkriterium knytt til drifstryggleik.*
6. *Å oppdatere og ferdigstille styringssystemet for informasjonstryggleik slik at dette oppfyller alle krava i regelverket, og som del av dette:*
  - a) *etablere eit system som sikrar at kommunen har fullstendig og ajourført oversikt over kva personopplysningar som vert handsama*
  - b) *sikre at det vert gjennomført risikovurderingar av IT-system og behandlingar av personopplysningar opp mot fastsette akseptkriterium for informasjonstryggleik*
  - c) *gjennomføre tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken i kommunen sine system.*
7. *Å utarbeide tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte.*

Kontrollutvalet har ved fleire høve hatt orientering om dette oppfølgingsarbeidet, siste gang i møte 14.09.2020, der dette mellom anna vart protokollert:

*«Informasjonen vart teken til orientering. Kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalsmøte 10.12.2020».*

I KU-møte 21.10.2020 vedtok kontrollutvalet å flytta kontrollutvalsmøte frå 10.12.2020 til 27.11.2020.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Rådmannen har stadfesta at ho kjem til dette møtet og orienterer om saka. Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdere om ein vil ta informasjonen til orientering eller om ein ønskjer ei ny orientering.

### Konklusjon

Ut frå informasjonen som vert gjeve bør kontrollutvalet drøfta vidare arbeid med å følgja opp korleis det vert arbeidd med tiltak etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak, då det naturleg nok ikkje er kjent på førehand kva informasjon som vert gjeven i møtet.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/127-10  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	33/20	27.11.2020

## Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 10.02.2021.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i første møte i 2021.

### Samandrag

Det er tid for å bestille forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, etter ny overordna plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024. Kommunestyret har handsama overordna plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 04.11.2020. I vedtaket, og tolking av dette, kjem det fram at kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og idrettsbygg AS.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret har handsama overordna plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 04.11.2020. I vedtaket, og tolking av dette, kjem det fram at kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS.

Sekretariatet har vore i kontakt med ordførar Harald Rydland og representanten / forslagsstillaren Rune Helland gjeldande vedtaket frå kommunestyremøte 04.11.2020, for å sikre rett informasjon til kontrollutvalet. Det kommunestyret ber om er at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS, med hovudvekt på forvaltningsrevisjon.

Fitjar Kultur og idrettsbygg AS er tatt med i begge planane, plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. I plan for forvaltningsrevisjon er selskapet på den uprioriterte lista med høg risiko og vesentlegheit. Selskapet stod som nummer tre på lista over prioriterte prosjekt i plan for eigarskapskontroll i kontrollutvalet si innstilling, men vart flytta opp som nummer ein gjennom kommunestyret si handsaming.

I plan for forvaltningsrevisjon er dette tatt med om selskapet og aktuelle tema ein kan sjå på:

---

Fitjar kultur og idrettsbygg AS<sup>2</sup>

- *Organisering og styring*
  - *Økonomi og drift*
  - *Tilfredsstillande tilbod til brukarar*
- 

I plan for eigarskapskontroll står det dette om aktuelle tema ein kan sjå på:

---

Fitjar kultur og idrettsbygg AS

- *System og rutinar for oppfølging av eigarskapet*
  - *Val og opplæring av styrerepresentantar*
  - *Rapportering til kommunen*
  - *Organisering og styring*
  - *Økonomi og drift*
- 

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

### Vurderingar og verknader

I dei fleste tilfella skal kontrollutvalet diskutere seg fram til aktuelle prosjekt etter at ny plan er vedteke. Kommunestyret har handsama dei overordna planane der det mellom anna kjem fram av vedtaka at ein ber om at det vert gjennomført revisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS.

Dette går fram av møteprotokoll etter kommunestyremøtet, gjeldande prioritering av prosjekt:

**Behandling i Kommunestyret - 04.11.2020:**

Representanten Rune Helland (KRF) la føre følgjande framlegg til endring av pkt. 1 i tilrådinga:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Fitjar kommune vert vedteken med følgjande endring: Fitjar Kultur og idrettsbygg AS vert flytta frå prioriteringsnr. 3 til prioriteringsnr 1. Kommunestyret ber om at det vert gjort eigarskapskontroll på FKIB AS i 2021 som er ferdig innan utgangen av august.

Ved røysting vart kontrollutvalet sitt framlegg sett opp mot framlegget frå representanten Helland (KRF). Framlegget frå kontrollutvalet fekk 0 røyster, og fall. Det ligg etter dette føre slikt;

**Vedtak: (16 røyster)**

- 1 Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Fitjar kommune vert vedteken med følgjande endring: Fitjar Kultur og idrettsbygg AS vert flytta frå prioriteringsnr. 3 til prioriteringsnr 1. Kommunestyret ber om at det vert gjort Eigarskapskontroll på FKIB AS i 2021 som er ferdig innan utgangen av august.

Kontrollutvalet må i møte diskutere seg fram til føremål med prosjektet. Ein bør og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på. Prosjektet er i hovudsak eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det må gjenspeglast i det vidare arbeidet.

Kontrollutvalet må etter at ein har bestemt seg for innrettinga på prosjektet be revisor om å utarbeide ei prosjektplan.

Kontrollutvalet kan og be om at revisor utarbeider denne til første møte i 2021. I vedtaket frå kommunestyret ønskjer dei at rapporten skal leggjast fram for kommunestyret til handsaming hausten 2021.

**Konklusjon**

Kontrollutvalet gjennomfører forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Utvalet ber Deloitte levere prosjektplan til første møte i 2021



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/135-17  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	34/20	27.11.2020

## Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2020

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

### Samandrag

I denne saka vil Deloitte presentera oppsummeringa av arbeidet med interimrevisjon. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

1 Interimsrevisjonsrapport 2020 - Fitjar kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i kommunane har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalets ansvar og myndigheit, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet»*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaperen vert revidert på ein trygg måte og halde seg orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2020 frå Deloitte, som vart presentert for kontrollutvalet tidlegare i haust.

I dette møtet vil Deloitte presentera oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vere eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vera med.

Oppsummering av interimsrevisjonsarbeidet ligg ved.

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.



Fitjar Kommune  
v/kontrollutvalet  
PB 83  
5418 Fitjar

12. november 2020

Revisjonsrapport nr. 26  
(journalførast)

## INTERIMSREVISJON FITJAR KOMMUNE 2020

### Generelt

Vi har utført interimrevisjonen av Fitjar kommune for 2020. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført interimrevisjon og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i kommunen bør ha eit spesielt fokus på.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

### Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapskapen i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder, og for regnskapsposter, kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjæret.

### Sjølvtende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til sjølvtende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 78 og § 79 i kommunelova.

### Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

I desse årsoppgjærstider minner vi om at ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapskapen utan dei som er ubetydelege.

### Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapstransaksjonar vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen byggjer på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

I vår gjennomgang av **lønnsområdet**, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønnskonsulentane. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekka svakheiter ved dei interne kontrollane.

Når det gjeld reiserekningar har vi funne eit ubetydeleg avvik som gjeld manglande eksakte adresser for kvar ein køyrer frå og til når ein har krav på kilometergodtgjersle. Vi er kjend med at administrasjonen har sendt ut informasjon om krav til dokumentasjon, men vi tilrår og at ein ikkje godtek og registrerer reiserekningar som ikkje oppfyller lovkrava.

I vår gjennomgang av drifts- og investerings rekneskapen, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring **innkjøp og inngående fakturaer**. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med økonomileiar. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekka svakheiter ved dei interne kontrollane.

I vår gjennomgang av **inntektsrutinar** innan eigenbetaling for institusjons- og omsorgstenester, SFO samt eigeidomsatt har føremålet vært å kontrollera at det er etablert system og kontrollar som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgåande god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert men der vert avdekka eit avvik. Dette gjaldt etterberekning i henhold til vederlagsforskriften for institusjonsopphald. Økonomiavdelinga er kjend med avviket som vil bli retta.

I forbindelse med kontroll av kven som har tilgang til **bank** samt rutine for **bankavstemming** ser vi at kommunen har fått på plass rutine for arbeidsdeling og månadleg bankavstemming utført av medarbeider utan tilgang til bank.

Gjennomgåande er der god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og vi opplever at kommunen har etablert gode rutiner. Internkontrollen på eit overordna nivå er, etter vår vurdering, tilfredsstillande.

### **Kontroll av transaksjonar / bilag**

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontroller). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgavepliktige ytingar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert følgt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir følgt opp.

Eit viktig kontrollelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist. Dette inneberer at alle disposisjonar som inneber økonomiske forpliktingar skal stadfestast av ein som har budsjettdisponeringsmynde. Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalingar til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollerer at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgiftsmessig.

Vi har ikkje avdekka vesetlege feil knyta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.

**Tilgangstyring og arbeidsdeling**

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å førebygge feil og mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Fitjar kommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder.

**Avslutning**

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing  
Deloitte AS

Else Holst-Larsen  
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Else Holst-Larsen

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5992-4-2705162

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-11-12 09:35:19Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2014/34-44  
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	35/20	27.11.2020

## Vurdering av revisjonsordning for Fitjar kommune

### Forslag til innstilling

1. Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.
2. Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Fitjar kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.
3. Fram til ny vurdering, held Fitjar kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.

### Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal vurdere om Fitjar kommune skal søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS for å få dei til å gjennomføre alle revisjonstenestene for kommunen eller om ein skal halde fram med dagens ordning som er å konkurranseutsette revisjonen.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Revisjonsordning i Stord og Fitjar kommune
- 2 Vedrørande revisjonsordning i Stord og Fitjar kommune
- 3 Presentasjon Haugesund

## Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

### Kommunestyret i Fitjar kommune gjorde slikt vedtak i sak PS 64/20 i møte 30.09.2020:

*«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:*

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

*Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»*

Det er det siste avsnittet i vedtaket denne saka skal omhandle.

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med val av revisjonsordning og lage innstilling til kommunestyret, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

### Vurderingar og verknader

Drøftinga nedanfor inneheld desse overskriftene:

- Val av revisjonsordning og val av revisor.
- Fitjar kommune - frå kommunerevisjon til privat revisor.
- Ulike revisjonsordningar.
- Noverande ordning - privat revisjon.
- Om å tilsetta eigne revisorar.
- Om interkommunale revisjonsordningar inkludert Rogaland Revisjon IKS.
- Om økonomi og det å vakta seg for å «ri to hestar».

Avslutningsvis er det

- Konklusjon

#### 1. Val av revisjonsordning og val av revisor.

Dette er to ulike sakstypar som leidar fram til kven som reviderar kommunen, der kontrollutvalet innstiller, medan kommunestyret gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein først har valt revisjonsordning så gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga t.d. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

## 2. Fitjar kommune - frå kommunerevisjon til privat revisor.

Første gang Fitjar kommune hadde oppe sak om revisjonsordning var i 2004/2005. Kommunane Fitjar, Stord, Bømlo og Kvinnherad hadde den gongen Kommunerevisjonen for Sunnhordland som revisor. Stortinget hadde nyleg gjort vedtak om at revisjon av kommunar kunne konkurranseutsetjast. Dei fire Sunnhordlandskommunane gjekk inn for å gjera det og kommunerevisjonen vart avvikla.

Etter 2004/2005 har det vore lyst ut tre konkurransar:

- Konkurransar for perioden 01.01.06. til medio 2008, med opsjon på 1 + 1 + 1 år. Deloitte AS vann anbodet, og hadde kontrakt til 30.06.11.
- Konkurransar for perioden 01.07.11 til 30.06.15, med opsjon på 2 år. Deloitte AS vann også dette anbodet. Kommunestyret vedtok å nytta opsjonstida, slik at avtalen varte til 30.06.17.
- Konkurransar for perioden 01.07.17. til 30.06.21. Her vann og Deloitte AS anbodet.

### 1. Ulike revisjonsordningar.

Det går fram av kommunelova § 24-1 Valg av revisor at kommunen kan velgja mellom tre revisjonsordningar:

*«Kommunestyret og fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i et interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor.*

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor.*

*Vedtak etter første og andre ledd treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»*

### 2. Noverande ordning - privat revisjon.

Dei private revisjonsselskapa som gjev tilbod om revisjonstenester er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Slik sett får ein gode tenester med høg kompetanse innafor eit breidt spekter av oppgåver.

Noverande revisor er som kjent Deloitte AS. Ansvarleg revisor for Fitjar kommune har kontor i Haugesund, medan ressursar innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i hovudsak er i Bergen. Dei andre private selskapa som gjer seg gjeldande i marknaden er i hovudsak å finna innan avstand frå Haugesund til Bergen.

Ut frå dagens lovverk må kjøp av revisjonstenester for Fitjar kommune leggjast ut på anbod kvart 4. år. Fram til no har denne konkurranseutsettinga vorte gjort saman med desse andre Sunnhordlandskommunane; Bømlo, Kvinnherad og Stord. Denne gongen skal også Vaksdal kommune vera med i konkurransen og det betyr at kostnadane med dette arbeidet kan delast på 5. Dei to siste gongane er det sekretariat for kontrollutvalet som har bistått kontrollutvalet i dette arbeidet og det same er tilfelle med den konkurransen som no skal ut. Til samanlikning frå andre slike oppdrag har dette arbeidet kosta ein einskild kommune omlag kr. 30.000.

Her er noko av det som vert etterspurt når Sunnhordlandskommunane no ber om nytt tilbod på revisjonstenester når det gjeld kva fastprisen skal innehalde:

- a) Årsrekneskap, inkludert eventuelle kommunale føretak
- b) Alle prosjektrekneskapar
- c) Konsolidert rekneskap
